



Ein flott gjeng stafettdeltakarar

Det vart ein fantastisk dag i Fjellhaugen skisenter søndag då Kvinnheradsmeisterskapet i stafett 2015 vart arrangert. Det var strålende ver, godt med folk og mange jamne og gode lag. Uskedal idrettslag stilte med 9 av desse laga, og alle markerte seg på ein flott måte. Resten av deltakarane kom frå IL Ternen, Omvikdalen IL og Rosendal TL.

Skigruppeleiar Knut Johannes Ripel er svært fornøgd med dagen i det strålende påskeveret. Han fortel at Uskedal IL hadda fleire lag i nokre av klassane, og då prøvde dei å komponera laga så jamne som mogeleg. Han karakteriserer stafetten som eit av dei store høgdepunkta i sesongen. Den er med og understrekar fellesskapet i gruppa.

Ripel rosar arrangøren Omvikdalen IL for ei god avvikling, og han nemner mellom anna at dei stilte med svært flotte premiar til vinnarane. Han kjem og med ros til publikum for gode og oppmuntrande heiarop til deltakarane.

Stafetten gjekk over 3 etappar. Dei to første etappane gjekk i klassisk stil, medan ankeretappen var i fristil. Etappelengdene varierte frå 1,3 km for dei yngste til 5 km for seniorane.

Uskedalingane markerte seg som sagt, svært godt, og to av laga vart Kvinnheradsmeistrar. Fullstendig resultatliste og mange fine og kjekke bilete finn de ved å klikka dåke inn på [Uskedal IL si heimeside](#).

Neste renn for skiløparane våre vert Telenor-rennet. Det er eit sprintrenn som vert arrangert i Fjellhaugen neste helg.



Gulljentene Veslemøy, Kari og Solveig som vart meistrar i dameklassen



Olve S. Tveit avsluttar sin etappe i godt driv!



Tord Sæle sender faren, Tor Vidar, ut på ankeretappen i seniorklassen.



Yngste klasse på startstreken

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel